



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, lovavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

E-post: lovavdelingen@jd.dep.no

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbehandler:	Dato:
	13/00320-2	Frøydis Heyerdahl	27. mai 2013

### Høyring - endringar i straffelova 1902 og straffelova 2005

Barneombudet viser til høyringsnotatet frå departementet, med forslag om ei rekkje endringar i straffelova.

Barneombudet skal i følgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tekne tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombudet skal særleg følgje med på at lovgiving til vern om barn sine interesser blir følgde, og at norsk rett samsvarer med dei forpliktingane Noreg har etter FN sin konvensjon om barn sine rettar. Mandatet til Barneombudet er avgrensa til barn under 18 år.

Barneombudet er glad for at regjeringa kjem med forslag som skal styrkje vernet av barn og vaksne mot vald og overgrep. Vi støttar i all hovudsak forslaga som er på høyring.

Samandrag av hovudkonklusjonane:

- Barneombudet støttar forslaget frå departementet om å endre straffelova § 222 slik at det blir straffbart å lokke ein person til å reise til eit anna land med forsett om at personen der vil bli utsett for tvangsekteskap.
- Barneombudet støttar forslaget frå departementet om å endre straffelova av 1902 § 195 slik at all seksuell omgang med barn under 14 år skal reknast som valdtekt.
- Barneombudet støttar også forslaget frå departementet om å gjeninnføre barnet sin alder som objektivt straffbarheitsvilkår i saker om seksuelle omgang med barn under 14 år. Dette vil gi barn betre vern mot seksuelle overgrep.
- Barneombudet støttar forslaget frå departementet om ikkje-forelding for drap og seksuelle overgrep. Barneombudet meiner at dette ikkje skal gjelde for lovbrytarar som var under 18 år på gjerningstidspunktet.
- Barneombudet støttar forslaget frå departementet om utskoten foreldingsfrist for brot på avverjeplikta, vald i nære relasjonar (straffelova § 219), tvangsekteskap og menneskehandel.
- Barneombudet støttar forslaget frå departementet om at det skal veljast advokat når eit barn under 18 år har døytt, saka vert lagd bort og kor ein omsorgsperson er mistenkt av politiet for å ha årsaka dødsfallet.

Nedanfor følger nærmere kommentarar til nokre utvalde punkt i høyringsnotatet.

### **1. Til kapittel 5 - Førebuing til tvangsekteskap**

Barneombodet støttar forslaget frå departementet om å endre straffelova § 222 slik at det blir straffbart å lokke ein person til å reise til eit anna land med forsett om at personen der vil bli utsett for tvangsekteskap.

Departementet ber om tilbakemelding på om det bør vere eit vilkår for straff at den fornærma er blitt lurt med omsyn til formålet med reisa, eller om avgjerda også bør ramme tilfelle der fornærma er klare over at formålet med reisa er giftarmål. Barneombodet meiner at avgjerda også må dekkje der den fornærma er klar over formålet med reisa. Sjølv om vedkomande veit kvifor han/ho må dra, kan ein vere under så sterkt press og kontroll at det likevel vil vere svært vanskeleg å ikkje reise. Dersom lovgivar går for den motsette løysinga, vil det vere ein fare for at gjerningspersonen omgår straffeansvar ved å fortelje fornærma om formålet med reisa, utan at det hindrar at fornærma kjenner seg pressa til å dra.

### **2. Kapittel 8 - Seksuelle overgrep mot barn under 14 år**

Barneombodet støttar forslaget frå departementet om å endre straffelova av 1902 § 195 slik at all seksuell omgang med barn under 14 år skal reknast som valdtekt. Barneombodet støttar også forslaget frå departementet om at straffelova av 1902 § 195 blir slik endra at avgjerda rammar kvalifisert seksuell handling med barn under 14 år. Dagens grense mellom seksuell omgang og seksuell handling blir vurdert ut ifrå skjønn, samtidig som skiljet har stor vekt for straffeutmålinga. Det virke derfor fornuftig å overføre dei mest alvorlege seksuelle handlingane til paragrafen om seksuell omgang.

Departementet foreslår å endre straffelova av 1902 § 195 og straffelova av § 2005 § 299 slik at dei klart rammar det å lokke to mindreårige til å ha seksuell omgang med kvarandre. Barneombodet støttar dette. Forslaget omfattar primært dei under 14 år, men departementet ber om tilbakemelding på om tilsvarende bør gjelde for seksuell omgang med barn mellom 14 og 16 år. Barneombodet meiner at mange av dei same omsyna gjer seg gjeldande for denne aldersgruppa. Også 14 og 15 åringar vil kunne vere svært sårbare, lette å leie, og det å bli lokka til å ha seksuell omgang med ein jamaldra kan opplevast som svært krenkjande. Vi meiner derfor at ei tilsvarende endring bør innførast i straffelova § 196.

Barneombodet støttar også forslaget frå departementet om å gjeninnføre alderen til barnet som objektivt straffbarheitsvilkår i saker om seksuelle omgang med barn under 14 år. Dette vil gi barn betre vern mot seksuelle overgrep.

### **3. Punkt 9.2.4 Framvising av seksuelle overgrep mot barn eller som seksualiserer barn**

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om straffeføresegnene om å arrangere live-framsyningar av seksuelle overgrep mot barn bør vere avgrensa til tilfelle der framsyningane skjer «offentleg». Det sentrale omsynet må etter meininga vår vere å verne mindreårige mot å bli utnytta i live-framsyningar. Vi støttar derfor forslaget frå departementet om at straffeføresegnene skal gjelde uavhengig av om framsyningane skjer offentleg.

## 4. Kapittel 10 - Forelding

### ***Punkt 10.1.3 Drap***

Departementet vurderer å innføre eit unnatak for forelding når det gjeld drap. Barneombodet støttar dette. Drap er ein svært alvorleg handling som krenkjer det viktigaste vi har: retten til liv. Sjølv om vi ser at det er vektige argument for forelding av drap, meiner vi at omsynet til å kunne straffe så alvorlege straffbare handlingar bør vege tyngre. Det blir også vist til at drap ikkje blir forelda i dei andre nordiske landa.

Det er klart at det vil kunne oppstå praktiske utfordringar ved å etterforske drap så lang tid etterpå. At det kan vere utfordringar i etterforskninga og vanskar med å føre prov som held i retten vil måtte vurderast av politi og påtalemyndighet før ein tar ut tiltale i den konkrete saka.

Departementet ber om tilbakemelding på om det bør gjelde eigne reglar for unge lovbrutarar. Eit av omsyna bak forelding er at det synest som stadig mindre rimeleg å straffeforfølgje ein person for noko han/ho har gjort for svært mange år sidan. Dette gjeld i enda større grad når handlinga blei utført mens vedkomande var eit barn. Barneombodet meiner at dersom ein innfører eit unnatak for forelding for drap, bør det vere eigne reglar for unge lovbrutarar. På bakgrunn av vårt mandat, uttalar vi oss om lovbrutarar opp til 18 år. Vi har derfor inga meining om kva aldersgrense ein bør setje for å bli omfatta av forelding, ut over at det bør gjelde opp til 18 år.

### ***Punkt 10.1.4 Seksuelle overgrep mot barn***

Departementet spør om dagens regel om utsett foreldingsfrist for seksuelle overgrep mot barn i tilstrekkeleg grad varetek barna sine behov, eller om det er behov for reglar om ikkje-forelding for brot på straffelova §§ 195 og 196. Barneombodet har ikkje konkrete eksempel på at dagens reglar ikkje er gode nok. Det er likevel vel kjent at det kan ta lang tid å orke og fortelje om seksuelle overgrep, og det kan vere svært krevjande å melde eit slikt forhold, også etter at ein har fylt 18 år. Samtidig er det svært alvorlege handlingar det her er snakk om. Barneombodet støttar derfor at det blir gjort unnatak for forelding for straffelova § 195 og 196.

Tilsvarande som for drap, bør det etter vårt syn gjerast eit unnatak frå regelen om ikkje-forelding for unge lovbrutarar opp til 18 år.

### ***Punkt 10.2 Utsett forelding***

Barneombodet støttar forslaget frå departementet om utsett foreldingsfrist for brot på avverjeplikta etter straffelova av 1902 § 139. Vi ser motargumenta om at dette kan utgjere eit brot på tilhøvet mellom øvre strafferamme og lengda på foreldingsfristen. Vi meiner likevel at alvoret i å førebyggje seksuelle overgrep og alvorleg mishandling mot barn tilseier at dette ikkje bør vere avgjerande. Det vil truleg ofte vere i samanheng med at ei sak kjem opp at det vil bli oppdaga at nokon unngjekk å avverje. Så lenge ein har utsett foreldingsfrist for denne typen handlingar, vil det vere fornuftig å ha tilsvarande ordning for avverjeplikta. Ein utsett foreldingsfrist for desse sakene vil i alle høve bety at saka blir forelda når fornærma er 20 år.

Departementet foreslår at utsett forelding for brot på § 139 skal avgrensast til manglande avverjing av brot på straffelova §§ 195 og 219. Departementet grunngir ikkje dette nærmare. Det kan sikkert vere gode grunnar for ei slik avgrensing. Barneombodet saknar likevel at det departementet grunngir kvifor ikkje f.eks. § 197 om seksuell omgang med slektning i nedstigande linje og § 199 om seksuell omgang med fosterbarn, pleiebarn etc. er omfatta. Det er i denne samanheng verdt å merke seg at avverjeplikta knytte til desse paragrafane berre gjeld for overgrep dersom barnet er under 16 år.

Barneombodet støttar også forslaget frå departementet om utsett foreldingsfrist i saker etter § 219, menneskehandel og tvangsekteskap.

## **Kapittel 11 - Advokat som skal vareta interessene til drepte barn**

Barneombudet støtter forslaget fra departementet om at det skal veljast advokat når eit barn under 18 år har døydd og der ein omsorgsperson er mistenkt av politiet for å ha årsaka dødsfallet. Det blir lagt opp til at advokaten skal veljast dersom saka leggest bort av politiet.

Barneombudet har sjølv teke til orde for at det skal det veljast ein advokat i slike tilfelle, og er glad for at departementet kjem med forslaget.

Departementet foreslår at det er politiet som skal velje advokaten. Vilkåret for oppnemning er at ein omsorgsperson har vore *mistenkt*. Det er ei utfordring ved forslaget at det å vere mistenkt ikkje er klart definert i straffeprosesslova. Advokaten si oppgåve vil bere preg av å vere ein granskar av politiet sitt arbeid. Det er altså ikkje gitt at politiet gjerne veljer å oppnemne advokaten. Barneombudet er derfor redd for at eit uklart vilkår om når plikta til å velje advokat slår inn, vil i praksis innebere at politiet ikkje alltid vil velje ein advokat som skal granske bortlegginga politiet har gjort.

Alternativet som departementet nemner - at det skal veljast ein advokat ved sikting - er likevel ikkje noko betre. Terskelen for å velje advokat vil då bli høgare. Ei noko uklar spesifisering av når det skal veljast advokat gjer at det bør vere mogeleg for andre å ta initiativ til at det blir valt advokat.

Under kapittel 14 går departementet ut frå at det vil vere svært få saker som vil omfattast av ordninga - færre enn to saker per år. Det er uklart for Barneombudet kva straffeparagrafar departementet her har inkludert. Det er viktig at ikkje berre straffelova § 233 om drap, men at også andre relevante paragrafar som § 229 om lekamsskading med døden til følgje og § 219 om familievald blir omfatta av ordninga. Etter det Barneombudet kjenner til var det § 229 som var aktuell i f.eks. Christoffer-saka.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
barneombod

Frøydis Heyerdahl  
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Klikk her for å skrive inn tekst.